


# ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE



**STI- OG LØYPEPLAN**  
**2022 - 2026**

## INNLEIING

Kommunestyret vedtok i Kommunal planstrategi for 2020 -2023 (19/3 – 2020) at eksisterande sti- og løypeplan skulle reviderast.

Gjeldande sti- og løypeplan blei vedtatt av kommunestyret i 2012 og det er behov for å revidere den for å få ein plan som samsvarer med endringar som er gjort i tida som har gått, og vurdere nye tiltak. Sti-og løypeplan 2022-2026, er temaplan til kommuneplanen.

Viktige punkt i den vedtekne samfunnsdelen har vore styrande for arbeidet:

I samfunnsdelen i kommuneplanen står det m.a.:

Under *Arealstrategi* :

- *Me skal styre tilrettelegging i utmarka gjennom hensynssoner, som eit tiltak for å redusere sambrukskonfliktar mellom reiselivet og landbruket.*

Under *Næringsutvikling og Innovasjon*

- *Me skal sikre stabile ordningar for finansiering av fellesgode (stigar, løyper m.m.).*
- *Me skal vera det fremste helsekapande reisemålet i landet for alle.*
- *Me skal gjennom god og føreseieleg planlegging redusere arealbrukskonflikt og skape plass til alle type aktivitetar.*

Under *Deltidsinnbyggaren som ressurs*

- *Me skal sikre god tilgang til rekreasjonsområder i nærleiken av alle hytteområda, for i større grad unngå å nytte bil.*
- *Me skal vektlegge potensielle konfliktar rundt ulik bruk av utmark sterkare i communal planlegging.*

Under *Gode lokalsamfunn*

- *Me skal leggje til rette for fysisk aktivitet ved å ha gode idretts- og nærmiljøanlegg, stigar og løyper, som fremjar aktivitet hjå alle.*

Det vart gjort eit omfattande arbeid med planen som vart vedteken i 2012. Dette er ein revisjon av eksisterande plan, og det er derfor ikkje lagt opp til svært store endringar.

I handlingsplanen frå 2012 var det planlagd gjennomført 40 tiltak. Av desse er det gjennomført 14. Grunnen til svak tiltaksgjennomføring er mangel på økonomiske ressursar, mangel på administrativ kapasitet og at nokre av de føreslegne tiltaka blir sett som svært konfliktfylte frå grunneigarar og beitenæringa i enkelte område. Fleire av de føreslegne tiltaka medfører betydelege kostnadurar, og vi har derfor i handlingsplanen forsøkt å vera nøktern med omsyn på kva tiltak som let seg gjennomføre innanfor ein kostnad/nyttevurdering og konfliktpotensialet på fleire område. Handlingsplanen syner no ei kostnadsramme på kring 8,3 mill kr. Gjennomføring av tiltak vert teke stilling til ved revisjon av økonomoplanen. Finansiering kan vera samarbeid med andre, utbyggingsøkonomi, spelemidlar og direkte bidrag frå kommunen, men vi må truleg gjera ei streng prioritering.

## INNHOLD

PLANSTATUS OG PLANFORANKRING .....	1
NASJONALE OG REGIONALE RAMMER.....	1
PLANTEMA.....	2
PLANEN SINE LØYPEKATEGORIAR .....	3
SKILØYPER.....	3
STINETT.....	12
NÄRTURAR OG NÄRTUROMRÅDE.....	12
NYE STITRASEAR .....	12
SYKKELNETT/FLEIRFUNKSJONS-TRASEAR.....	15
UNIVERSELL UTFORMING.....	18
RIDESTIAR .....	19
FLEIRFUNKSJONSTRASEAR .....	19
HUNDESPANNSLØYPER .....	19
TRANSPORTLØYPER SNØSKUTER .....	28
HENSYNSSONER – OMRÅDE FOR GRØNSTRUKTUR .....	28
GRØNE OG BLÅ SKILØYPER.....	28
RAUDE OG SVARTE SKILØYPER.....	29
SNØSKUTERPREPARERTE SKILØYPER .....	29
FLEIRFUNKSJONSTRASEAR (RIDESTI/TURSYKKEL/HUNDELØYPE SOMMER) .....	29
UNIVERSELL UTFORMING.....	29
MOTORFERDSEL SOMMAR OG VINTER.....	30
ORGANISERING OG SAMARBEID .....	30
LØYPELAGORGANISERING, OPPGÅVER OG FINANSIERING.....	30
UTBETALING AV KOMMUNAL STØTTE TIL LØYPEKØYRING .....	30
GRUNNEIGARAVTALER OG LØYPELEIGE.....	31
BEITEINTERESSER OG AREALBRUKSKONFLIKTAR .....	31
SKILTING, GRADERING OG MERKING .....	32
DIGITAL INFORMASJON OG KART .....	32
MERKING .....	32
HANDLINGSPLAN .....	34

## PLANSTATUS OG PLANFORANKRING

Planen har status som temaplan og er dermed ikkje juridisk bindande av omsyn til arealdisponering eller økonomi. Innhaldet i planen dannar eit kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen sin arealdel og skal vere retningsgivande for kommunal saksbehandling innan arealplanlegging. Planen seier vidare noko om kommunen sin ynskjelege utvikling innan forvaltning og utvikling av ferdseisårer.

Temaplanen tar føre seg alle kategoriar stiar og løyper i Øystre Slidre kommune.

## Regionale og kommunale føringer

- Kommunens sin samfunnssdel og arealdel
- Folkehelseplanen
- Regionale planar på området
- Nabokommunar sine løypeplanar
- Ny regional strategi for folkehelse
- Plan for berekraftig reiseliv
- Kommuneplan 2012-2023
- Gjeldande arealdel og kommunedelplanar
- Idretts- og friluftsplan

## NASJONALE OG REGIONALE RAMMER

### Nasjonale føringer

- Plan- og bygningslova
- Naturmangfaldlova
- Diskriminerings- og tilgjengeleghetslova
- Kulturminnelova
- Friluftslova
- Motorferdsellova
- Vassressurslova
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Naturreservat, nasjonalpark, landskapsverneområde med tilhøyrande forskrifter

Revisjonsarbeidet er utført av eining for næring, plan og byggesak ved skogbruksjefen, med ei arbeidsgruppe sett saman av ein representant frå kvart løypelag, ein felles for begge idrettslaga, to frå Beitostølen Utvikling (BU) og ein kvar frå bondelaget og bonde- og småbrukarlaget. Vi har hatt to arbeidsmøter i perioden februar til mai 2021. Kommunestyrekomiteen for tekniske tenester vart orientert om oppstart av revisjonsarbeidet i februar, og med ny orientering om arbeidet i mars. Planen vart lagt ut på seks veker høyring frå 22. februar 2022. I høyringsperioden har komiteen hatt møte med grunneigarane i området Heimre Hedalstølen og Øystre Hedalstøen. I kommunestyrekomiteen sitt møte 10. juni 2022 vart planen tilrådd for kommunestyret.

## PLANTEMA

Planen tek for seg følgande tema:

1. Planen sine løypekategoriar
2. Hensynssoner – områder for grønnstruktur
3. Skilting, merking og gradering av stiar og løyper
4. Arealbrukskonfliktar
5. Samarbeid, organisering og finansiering av løypelag
6. Grunneigaravtaler
7. Handlingsplan

### PLANEN SINE LØYPEKATEGORIAR

Løypeplanen tek føre seg dei ulike kategoriene av stiar og løyper i kommunen: skiløyper, stinett, sykkelnett, universell tilrettelegging, hundespannløyper og transportløype snøskuter.

Fleirfunksjonstrasé er ein ny kategori i denne reviderte planen, mens sykkelnett for tursykkel og stisykkel, universell tilrettelegging og hundespannløyper er etablert sidan førre plan vart vedteke i 2012.

### HENSYNSSONER – OMRÅDE FOR GRØNNSTRUKTUR

Ved å legge ei hensynssone over enkelte løypekategoriar, vil kommunen legge premissar for kva arbeid som etter plan- og bygningsloven (PBL) kan gjerast i samband med utbetring av løypa/stien. På denne måten vil prosessen med utbetring av løpenettet medføre mindre søknadshandsaming for både løypelag og kommune. Det vil likevel, som tidlegare, vere nødvendig å få godkjenning av grunneigar for å drive barmarksarbeid og motorferdsel knytt til dette.

### SKILTING, GRADERING OG MERKING

Gode brukartilhøve og tryggleik i løpenettet krev god skilting og merking. Eit merkesystem basert på ein nasjonal standard gjev brukarane ein tryggleik når dei finn både skilt og system som er likt med andre turområde.

Tilgjengeleg informasjon på nett og brukarvenlege digitale kart vil gje ein betre brukaroppleveling og ein større tryggleik ute i skogen og på fjellet.

### AREALBRUFSKONFLIKTAR

Landbrukets utnytting av beiteområda i utmarka og fjellet er viktig å ta omsyn til når vi arbeidar med stiar og tilrettelegging på barmark. Det er eit mål at vi så langt råd er bidreg til ei tilrettelegging som styrer ferdelsen til turgåurar vekk frå dei områda som er viktigast for beitenæringa. Vi har nytta kartlegging i beitebruksplanen som eit grunnlag for traseane i sti- løypeplanen.

### ORGANISERING, FINANSIERING OG SAMARBEID

Eit godt sti- og løypeprodukt er avhengig av eit godt samarbeid med løypelag, frivillige organisasjonar, vel- og hytteforeiningar, og grendelag med fleire. Både stiar på barmark og løyper på snødekt mark krev mange timer med arbeid og innsats, ofte av frivillig karakter. Samarbeid mellom desse og med kommunen er avgjerande for å oppnå gode resultat. Oppkøyring av skiløyper er ein omfattande og tidkrevjande jobb. Denne jobben er i dag organisert i tre løypelag, der dugnadsinnsats, løypebidrag frå brukarane og tilskot frå kommunen er grunnlaget for drifta.

### GRUNNEIGARAVTALER OG LØYPELEIGE

Grunneigarar har full disposisjonsrett over eigen grunn, og er sentrale medspelarar i arbeidet med eit godt tur- og skiløpenett. Kommunen har i samarbeid med faglaga i landbruket inngått avtaler om rett til motorisert oppkøyring av skiløyper. Avtalene har no vore i bruk i snart 15 år.

Friluftsloven inneholder ingen generelle forbod mot å nyte allemannsretten til kommersielle føremål. Det vil derfor vere anledning for kommersielle brukarar å nyte seg av sti- og løpenettet. I alle tilfelle vert det oppfordra til å ta omsyn til terreng og miljø for alle som nyter seg av allemannsretten.

Grunneigar vil i periodar ha behov for å nytte sti- og skiløypetraseane både på barmark og snødekt mark. Ved god kommunikasjon

mellan grunneigar og løypepelag er sti-/løypetrasé ikkje til hinder for grunneigar sin bruk.

## PLANEN SINE LØYPEKATEGORIAR

### SKILØYPER

Skiløpenettet i kommunen er omfattande. Dei større skiløypene som ligg inne i karta er GPS-registrert av skisporet.no vinteren 2021, og inkluderer dei endringane som er gjort i høve førre plan. Tilarødde forslag er nå lagt inn i kartet, men vil kunne bli justert noko etter befering på barmark. Det vil bli tatt ein gjennomgang av grendeløypene med siktet på å fjerne dei som ikkje er preparert dei siste åra.


Komplett kart over skiløpenettet er presentert i kartvedlegg 'Skiløypekart'.

Nye løpetrasear ved denne revisjonen er følgjande:

#### Beitostølen løypeforening

##### Skiløype 1. Valdresflye – Bygdin


Med utgangspunkt i Flye 1389 og skiløypene på Valdresflye, følgje trasé til dagens Svart 5 (snøskuterpreparert) mot Jotunheimvegen, men leggje om løypa noko for å få ein mildare nedkøyring. Ved Bygdin kjem løypa inn på Raud 2 som går vidare mot Beitostølen. Løypa blir køyrt opp når FV 51 over Valdresflye brøyast opp, og fram til førefall. Kartet vil oppdaterast.



Kart skiløype 1: Valdresflye – Bygdin

## Skiløype 2. Raud 1 Oleskardet

Legge om trasé gjennom Oleskardet for å unngå svært bratt nedkøyring. Eksisterande trasé synt med raudt, ny trasé med blått. Traseen er synfart med grunneigar og løypeforening, og kartet vil oppdaterast når endeleg trasé foreligg. Traseen vert lagd om utan at det vert gjort terrenginngrep.



Kart skiløype 2: Raud 1 Oleskardet

### **Skiløype 3. Grøn 9 Ridderrennløypa**

Ny trasé som er godt tilpassa deltararane i Ridderrennet. Løypa tar utgangspunkt i skistadion og er ein flat trasé utan store utfordringar. Kart oppdaterast når arbeidet er utført.



Kart skiløype 3: Grøn 9 Ridderrennløypa

#### **Skiløype 4. Raud 3 Trollhovd – Fleinsendin**

Raud 3 preparererast i dag med snøskuter. Løypa kan oppgraderast til løypemaskin forutsett at det kan gjerast utan terrenginngrep av betydning, sjå s 28 om hensynsoner. Vidare planlegging må gjerast i samarbeid med kommune og grunneigarar.



Kart skiløype 4: Raud 3 Trollhovd – Fleinsendin

## Yddin og Javnlie løypelag

### Skiløype 5. Robølshøvda


Ny løype for å knytte Robølshøvda hyttegren til Grøn 24. Traseen er befart og kartfesta. Mindre omlegging i samband med planlegging av bru for kryssing av Yddeåne er under planlegging.



Kart skiløype 5: Robølshøvda hyttegren

#### **Skiløype 6. Blå 27 Selstølshøgda – Nørre Trollåsen**


Omlegging av trasé mellom Selstølshøgda og Kjølaåne for å unngå svært skrått terreng og i tillegg få noko meir utsyn. Løypa vil berøre Kjølaåne naturreservat, og omlegging må gjerast i samarbeid med vernemyndigheita. Må synfarast på barmark for vidare planlegging og endeleg kartfesting.



Kart skiløype 6: Blå 27 Selstølshøgda – Nørre Trollåsen

### Skiløype 7. Blå 26 Stordalstjern – Kristianstølen

Ufوردande terreng i området ved lite snø. Traseen må synfarast på barmark før den blir endeleg fastsett. Ein bør unngå terrengeinngrep, så ei større omlegging kan vere aktuelt.



Kart skiløype 7: Blå 26 Stordalstjern – Kristianstølen

## Melladn turløyper

### Skiløype 8. Grøn 31 Buahaugen


Omlegging av trasé for å unngå mange vegkryssingar og plogebakkar. I tillegg flytta løypa frå nordsida til sørsla av myrer, så dei står seg betre i solsteika på våren. Løypa blei prøvekjørt våren 2021 og er ønska vidareført.



Kart skiløype 8: Grøn 31 Buahaugen

### Skiløype 9. Grøn 32 Synhauglie

Tidlegare gjekk ei snøskuterpreparert skiløype etter ubrøyta veg over Synhaugen, denne fall ut då vegen vart brøyta. Ny løype i Synhaglie går til dels på ubrøyta veg og er maskinpreparert.



Kart skiløype 9: Grøn 32 Synhauglie

## STINETT

Det er mange stiar i kommunen, både opparbeida av beitedyr og folk. Planen legg ikkje opp til å etablere nye stiar utover innspel i Beitostølsområdet. Kommunen har inngått eit samarbeid med prosjektet «Friluftslivets ferdsselsårer» der DNT Valdres er bidragsyter. I dette prosjektet legg ein opp til å ta ut nokre mindre stiar i kart, få inn større stiar som ikkje ligg der, og merke desse på ein berekraftig måte, sjå handlingsplanen.

I utbyggingsområde, og spesielt på Beitostølen, er det viktig å ta vare på grøne korridorar for å kunne komme seg på tur direkte ut frå sentrum. Fleire plasser kan brukne vinter og sommar kombinerast, men enkelte plassar er det hovudsakleg smale stiar som er viktig å ivareta.

## NÆRTURAR OG NÆRTUROMRÅDE

Det er viktig med gode tuttilbod i nærområda til folk, både fastbuande og deltidsinnbyggjarar. Ei satsing på nærturar er viktig for å kunne ivareta det lokale engasjementet og friluftsliv i nærturområda. Det er mange flotte turar som allereie er merka opp, og ved å gjere folk merksame på desse turane vil tilbodet nyttast av både lokale og tilreisande. Ved å nytte eksisterande, velprøvde digitale løysingar vil vi nå ut med


info om merka nærturar, eksempelvis ut.no. Her kan vi legge inn info om turen og teikne ruta inn på kart. Kommunen deltek i prosjektet «Friluftslivets ferdsselsårer», som vil avklare kva som er dei vitigaste stigane og nærturane og gjera framlegg om skilting. Prosjektet sin tekstdel er lagt ved som vedlegg.

Beitostølen er eit område der det er eit særskilt behov for å merke nærturar og informere om disse. Her vil det vere behov for å utvikle informasjon og kart om nærturar i tillegg til digital informasjon, sjå handlingsplanen.

## NYE STITRASEAR

### **Sti 1. Samanhengande stirasé mellom Bygdin og Beitostølen**

Reiselivsnæringa har eit ønske om å merke ein samanhengande trasé mellom Bygdin og Beitostølen ved å knyte saman eksisterande turstiar (kart sti 1). Ved å kople saman eksisterande stinett vil det vere mogleg å ta bussen til fjellet og gå tilbake. Dette vil avhjelpe behovet for utbygging av parkeringsplassar. Alternativt kan ein parkere bilen eksempelvis ved Bygdin, ta bussen vidare og gå tilbake til bilen. Tiltaket krev lite tilrettelegging ut over nokre klopper og merking. Vidare planlegging må skje etter avklaring med grunneigarar.




Kart sti 1: Stirasé mellom Valdresflye og Beitostølen

## Sti 2. Oppgradering av sti ut frå Beitostølen sentrum

Det er eit ønske om å oppgradere eksisterande sti i området Skjenhauglie, slik at ein kan gå turrskodd frå sentrum og opp på Knausehøgda. Sti- og løypeplanen legg til grunn moglegheitsstudiet som er gjort i

området (kart sti 2) for å få ein optimal infrastruktur for skiløyper og skifartar, vregar, samtidig som ein beheld gode areal for utbygging i dette området, som i arealdelen er sett av til sentrumsformål. Endelig trasé vil bli bestemt i kommuneplanens arealdel.



Kart sti 2: Moglegheitsstudiet gjort på Beitostølen har sett på løsninger for stier og løyper i sentrum

### **Sti 3. Tyskerstien**

Tyskerstien opp til Bitihorn (kart sti 3) er eit nytt tiltak, der ein har kome godt i gang med å bygge trapper og tilrettelegge sti. Dette har vore eit prioritert tiltak for næringa, og

kommunen har brukt store summar på å

støtte opp om dette arbeidet.

Handlingsplanen legg opp til at dette prosjektet blir fullført i perioden.



Kart sti 3: Trasé Tyskerstien frå Båtskardet

### **SYKKELNETT/FLEIRFUNKSJONS-TRASEAR**

Sykling som aktivitet aukar, og sykkeltilbodet i kommunen har eit stort forbetringspotensial. Sykkelplanen tek for seg samanbindingsvegar som gjer det mogleg å sykle rundturar.

Gode turopplevelingar på sykkel er noko som mange er opptekne av, og som mellom anna reiselivet etterspør. Hovudrutene for sykkel bør ha så høg opparbeidingsgrad at dei kan marknadsførast for, og nyttast av, dei fleste brukargrupper. Det er ønskeleg å etablere fleirfunksjonstrasear som fungerer som ein gjennomgåande hovudrute for sykkel gjennom

kommunen frå Beitostølen i nord til kommunegrensa mot Nord-Aurdal i sør, gjerne lenger. Ei løysing er å kople eksisterande stølsvegnett saman enkelte stader.

I førre planperiode blei det opparbeida sykkeltrasé mellom Yddebu og Yddestølen. Desse traseane bør leggast til rette for å kunne nyttast av fleire brukargrupper.


Nokre av samanbindingsvegane er konfliktfylte. Vegane går gjennom viktige stølsområde med mange stølar i drift. Sykling kan gje trafikkutfordringar, og nye lett tilgjengelege vegar, kan gje endra beitemønster for dyra. Utfordringane er

spesielt store for stølane på Heimre Hedalsstølen og Øystre Hedalsstølen. I desse områda er det spesielt mange stølar, gode beiteområde og mange beitedyr, samstundes som trykket frå andre brukarar av området er stort. Kommunen har hatt møte med grunneigarane i området. Attendumdingane var at dei ikkje ynskjer trasear som leder turistar inn i området, og som gir ekstra utfordringar med omsyn på trekkvegar for husdyra. Samla sett har dei gitt uttrykk for at utfordringane med turisttrafikken no er til å leve med, men at ein trasé for sommarbruk som leder folk attende frå bustad- og hyttefelta i Stølslie, opp og vestover mot Garli, fram til sykelløypene, vil kunne redusere trafikken. Kommunen har derfor lagt opp til ein fleirfunksjonstrasé på denne strekninga (kart fleirfunksjonstrasé 1). Effekten av dette

vil vi sjå når tiltaket er etablert og har vore i bruk nokre år.

Kommunen skal etter sin vatn- og avløpsplan opparbeide vass- og avløpsleidning frå Olevatnet til Luskeråsen. Det er eit mål å legge til rette for at denne traseen på enkelte strekningar kan nyttast som gjennomfartstrase til m.a. sykkelbruk til Gravfjellet og Yddin.

Vi har ikkje sett det tenleg å foreslå årstal for gjennomføring av desse tiltaka i sti-og løypeplanen sin handlingsdel, då dette er tema ein skal arbeide vidare med i VA-planen og i kommunen sin arealplan. Eventuelle prioriteringar vil vera knytt til gjennomføring av VA-planen.



Kart fleirfunksjonstrasé 1: Fleirfunksjonstrasé frå Stølslie – vassleidningen - Garli

## STISYKKEL

Det er bygd eit flott anlegg for stisykling på Garli, mot slalåmbakken (kart stisykkel 1). Dette er stiar som ligg godt i terrenget og gir lite synleg inngrep når vegetasjonen har fått tid til å gro tilbake langs stien. Ein kan no sykle frå Garli og vidare ned til sentrum i alpinbakken.

Rydding og tilrettelegging av gamle stiar for vidareutvikling til stisykkelruter er eit kontroversielt tema, og planen legg ikkje til rette for dette. Kommunen har vurdert dei innkomne forslaga jf. «Innspel med vurdering» vedlegg side 2.


Vi vel i planen å legge til rette for sykkeltilbodet gjennom å vidareutvikle eksisterande anlegg ved at vi bygger vidare ut eit stisykkelnett i det området som i kommunedelplanen er avsett til idrettsanlegg A4 og A5, og eventuelt på Beitostølen stadion.

Vidareutvikling av eksisterande område har mange fordelar ved at vi får eit større tilbod i eit fjellandskap med gode naturopplevelingar, samstundes som vi får ein sambruk av arealet. Dette er vesentleg mindre konfliktfylt enn tilrettelegging og utviding av tilbodet i områda nord og vest. Etablering av stisykkelområde ved stadion vil vera lite konfliktfylt.

Stisykkeløypene har vist seg som interessante trasear for gåande, og det er visse fleirbrukskonfliktar. Det er behov for betre merking og skilting for å redusere konfliktane.

### Naturlege stigar

Mange syklistar nytter naturleg sti på fjellet, og kan etter lovverket gjøre dette. Planen legg ikkje opp til å regulere eller legge til rette for denne type bruk.



Kart stisykkel 1: Bygde stisykkeløyper

## UNIVERSELL UTFORMING

Kommunen har som målsetting å vera det best tilrettelagte reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Beitostølen Helseportsenter (BHSS) er ein viktig arbeidsplass i kommunen, og det er derfor spesielt viktig med gode tilbod i området kring Beitostølen. BHSS og kommunen er no med i eit eige forskningsprosjekt der målet er å sjå

på korleis ein kan utvikle destinasjonar med spesiell tilrettelegging for denne målgruppa.

Fullføring av den påbegynte universelt utforma trillestien til Rjupetjernet (kart universell utforming 1) har høg prioritet. Vi har vidare som mål at fleir brukstraseane får universell utforming.



Kart universell utforming 1: Trillesti til Rjupetjernet

Det er fleire områder i kommunen som er tilrettelagt eller som det er mogleg å nytte av alle målgruppa med små endringar. Mange av desse plassane er ikkje så godt kjent verken for lokale brukarar eller tilreisande. For å synleggjere dette tilbodet må dei kartfestast og det må utarbeidast informasjon om desse plassane.

Områder der det er lagt til rette for bruk og mogleg vidare utvikling:

1. Trillesti ved Høvsfjorden
2. Rastepllass på vestsida av Heggefjorden
3. Furustrand
4. Rastepllass ved Trollåstjernet
5. Trillesti ved Garli
6. Tilrettelagt fiskeplass ved Skåltjernet
7. Gapahuk i Moavike
8. Gapahuk i Løkjiskogen
9. Gapahuk på Hanakneet

Sjå handlingsplanen på side 34.

## RIDESTIAR

Kommunen har private hesteeigarar som nyttar utmarka til tur og trening, og i tillegg kommersielle aktørar som tilbyr turriding i utmark og fjell. Bedriftene har behov for gode turtrasear heimanifrå og ut i terrenget.

Vegar og stiar som jamleg vert nytta av hest vil måtte tåla ein del slitasje. Dette krev ein viss tilrettelegging, men spesielt er god drenering av traseane viktig. Næringa har kome med mange innspel og ynskjer til utbetring/nyanlegg og prioritert desse.

Etter ei samla vurdering finn vi ut frå omsynet til konfliktar, naturinngrep og kostnadene å ikkje tilrå at ein bygger særskilde ridetrasear i denne planperioda. Enkelte av innspela på aktuelle trasear finn vi att i tilrådd «*Fleirfunksjonstrasé*» frå Stølslie til Garli, som er omtalt i punkt under.

## FLEIRFUNKSJONSTRASEAR.

På barmark kan stiane nyttast som hundeløype for trening med vogn, som gangveg og sykkelsti for tur-/familiesykling, tildegløyper for ski og for enkelte strekningar som skogsveg/driftsveg for ved/tømmer for grunneigarane. Strekningane bør ha universell utforming. Ved ein slik kombinert bruk, er det viktig med god informasjon, slik at alle som ferdast etter stien kjenner til dei andre brukargruppene.

Tilrådd fleirfunksjonstrasé er presentert universell utforming på side 16.

## HUNDESPANNSLØYPER

For å hindre konfliktar med andre brukarar i hundespannløypene og køyring med hundespann i skiløypene er det viktig at alle typar løyper er godt og tydleg merka. Gjennomgang av merkebehov og skilting er ein del av handlingsplanen.

### *Løyper på barmark for hundespann*

Etter ei samla vurdering finn vi ut frå omsynet til brukarnytte, konfliktar, naturinngrep og kostnadene å ikkje tilrå at ein bygger særskilde trasear for hundekøyring i denne planperioden. Enkelte av innspela på aktuelle trasear finn ein att i tilrådd «*Fleirfunksjonstrasé*», som er omtalt i eige punkt.

### *Løyper på snødekt mark for hundespann*

Hundeløypene krev liten grad av tilrettelegging ut over vinterpreparering med snøskuter nokre gonger i løpet av vinteren. Endringar av eksisterande løyper og nye løyper er presentert under. I tillegg er heile løopenettet presentert i kartvedlegg ‘Preparerte hundeløyper’. Endringane må synfarast på barmark for endeleg kartfesting.

Ufordringar knytt til brøyta veg på startpunkt ved Øystre Hedalstølen blir det arbeidd vidare med i planperioden, det same gjeld mogleg trasé for turistbedrift i Beito.

Ubrøyta veger nyttast ofte av bil og traktor så lenge det er mogleg å køyre, eller dei kan brøytast opp. I planperioden vil det arbeidast med å finne alternative trasear der hundeløypa følger vegen.

### Hundeløype 1. Oleskardet

Opprette ny løye som bind saman løypenettet på Vinsteren og ved Ole/Øysterli. Hundeløypa vil gå i Oleskardet saman med skiløype og må leggjast slik at ein unngår konflikt med skiløype. For vidare planlegging trengs avklaring mot grunneigarar, og synfaring på barmark for å kartfeste trasé. Dersom konflikt med skiløype ikkje er til å unngå, utgår denne løypa.



Kart hundeløype 1: Oleskardet

### Hundeløype 2. Endre trasé frå startpunkt Gardli mot Olebekken


For å unngå krevande terreng i starten og konflikt med skiløyper er traseen lagt om noko frå startpunkt på Garli mot Olebekken.



Kart hundeløype 2: Garli - Olebekken

### Hundeløype 3. Området mellom Stryta og Skindro

Varierande snøforhold gjennom sesongen, og frå år til år, gjer utfordringar med å legge ein fast trasé i området frå Stryta til Skindro. Ved dårleg snøforhold tidleg på sesongen er det ein fordel å følgje ubrøya veg, medan seinare på sesongen er det tjeneleg å legge traseen over vatnet Stryta i same spor som leigekøyringstraseen. Ein viss fleksibilitet på traséval er fornuftig, men berre ein trasé skal kunne preparerast om gongen. Det er derfor definert ei sone i dette området med fleksibilitet til å legge løypa på best eigna stad etter snøtilhøva.



Kart hundeløype 3: Stryta - Skindro

#### Hundeløype 4. Alternative trasear ved spesielle snøforhold/brøyting

Ved Kjølastølen, Bergset og Sælifjellet følger løypa ubrøyta veg/traktorveg. Utover vinteren blir det store skavlar langs vegen som gjer tilhøva svært vanskeleg for både snøskuter ved preparering av løyper og for hundespann. Tidleg på sesongen og ved lite snø er det likevel ein fordel om løypa går på vegtraseen. Det er derfor lagt opp til å halde på begge alternativa, men berre ein trasé skal preparerast om gongen.



Kart hundeløype 4: Alternative trasear Kjølastølen og Bergset

Mellan Sørre Trollåsen og Etnestølen går hundeløypa på ubrøyta veg. Vegen har ved enkelte tilhøve blitt brøyta slik at hundeløypa må flyttast til gamlevegen. Denne traseen blir med som eit alternativ dersom behovet oppstår, men berre ein trasé skal preparerast om gongen.



Kart hundeløype 4: Alternative trasear Sørre Trollåsen -Entestølen og Sælfjellet

### Hundeløype 5. Lomtjern – Yddebu – Selstølshøgda

Trasé som koplar løypa frå Lomtjern og løypa frå Selstølen for å lage ei rundløype. Ligg delvis i Kjølaåne naturreservat og trasé er avgjort i samarbeid med vernemynde.



Kart hundeløype 5: Lomtjern – Yddebu – Selstølshøgda

#### **Hundeløype 6. Flytte startpunkt i Robølsbygda**

Startpunkt i Robølsbygda er flytta nokre hundre meter. Ny startstad er ein vinterbrøyta plass med areal til å kunne parkere fleire bilar, gapahuk/bålpllass og det ligg usjenert til, der ein kan starte rett ut frå bilen. Vestre løype i kart under.

#### **Hundeløype 7. Rolistølen – Lomtjern**


Påkoblingstrasé på om lag 800 m frå Rolistølen til eksisterande løype ved Lomtjern. Traseen er for bruk i samband med turistverksemd. Øystre løype i kart under.



Kart hundeløype 6 og 7: Nytt startpunkt Robølsbygda (vestre løype) og Rolistølen – Lomtjern (austre løype)

#### Hundeløype 8. Vinjaråsen i Nord-Aurdal – Bukono/Sørre Trollåsen

Trasé som koplar løypa frå Vinjaråsen i Nord-Aurdal saman med løypa frå Bukono/Sørre Trollåsen for å lage ei rundløype. For ikkje å opne opp med løyper i eit nytt område, vurderer kommunen at det kan utarbedast ein trasé som går parallelt med eksisterande skiløype i området. Eksakt trasé må planleggjast og synfarast på barmark før endeleg kartfesting og handsaming hos grunneigarar og fjellstyret.



Karthundeløype 8: Mogleg trasé for ny hundeløype mellom Vinjaråsen i Nord-Aurdal og Bukono/Sørre Trollåsen. Skiløyper synt i raudt, eksisterande hundeløyper synt i blått, og forslag til ny hundeløype synt i lys blå. Traseen må planleggjast og synfarast på barmark før endeleg kartfesting.

## TRANSPORTLØYPER SNØSKUTER

Det er i dag eit relativt stort nettverk av denne løypekategorien, og kommunen vurderer behovet for ytterligare transportløyper som lite. Mange tidlegare transportløyper er i dag veger som brøytast vinterstid, og kartet over transportløyper må oppdaterast.

Det er lagt opp til ei mindre omlegging av løypetasé grunna vanskelege forhold vinterstid knytt til område Bergset. Vidare er det lagt til rette for ei transportløype frå Skindro langs land fram til demningen, då det av praktiske og sikkerheitsmessige grunnar ikkje alltid er trygg isveg over Vinstervatnet. Endringane må synfaraast på barmark for endeleg kartfesting. Sjå punkt i handlingsplanen.

## HENSYNSSONER – OMRÅDE FOR GRØNSTRUKTUR

Ved bruk av hensynssone vil grunneigar framleis ha full råderett over arealet i omsynssona. Ved å legge ei hensynssone over enkelte løypekategoriar, vil kommunen legge premisser for kva arbeid som etter plan- og bygningsloven (PBL) er tillate å gjere i samband med bygging/utbetring av løypa/stien. På denne måten vil prosessen med utbetring av løpenettet medføre mindre søknadshandsaming både for løypelag og kommune. **Det vil likevel være nødvendig å få grunneigar si løyve for å drive barmarksarbeid og motorferdsel knytt til dette.**

I regulert område er det reguleringsplan som fastsett grensene for opparbeiding av stiar og løyper.

Ei hensynssone vil i tillegg gje løypelaget fleksibilitet når skiløypa skal leggast kvar haust. Kvar sesong er ulik, og det kan oppstå behov for mindre endringar i traséval ved for eksempel kryssing av bekk, blaute parti i myr mm.

Der det er behov for hensynssone vil ulike løypekategoriar ha ulike føresegner.

hensynssone kan regulere

- Bredde på skiløype/opparbeiding
- Terrenginngrep i traseen for å betre forholda for skiløype, eksempelvis å flytte stubbar/steinar, terrengtilpassingar, fylling/planering
- Terrenginngrep i høgfjellet kontra i bygdenære område
- Føresegner om toppdekke og revegetering av skjeringar/fyllingar
- Etablering av bruver/klopper
- Bevaring av kantsoner mot vatn og vassdrag
- Etablering av belysning
- Motorferdsel i samband med barmarksarbeid

Det er i mykje nytta nærløyper, fleirfunksjonstrasear, samanbindingstrasear for tursykkel og trasear med universell utforming at vi ser det som hensiktsmessig å etablere hensynssone. I områder utan reguleringsplan nær bustadar og hyttefelt vil det være behov for meir tilrettelegging for å tåla mykje bruk både sumar og vinter. I høgfjellet sine sårbare område er det ikkje ønskeleg med tyngre terrenginngrep, og føresegna for hensynssona speglar det.

## GRØNE OG BLÅ SKILØYPER

1. Grøne og blå skiløyper utanfor detaljregulerte områder kan opparbeidast med ein bruksbredde på inntil 8 meter, med ei hensynssone på totalt 15 meter.
2. Innanfor for bruksbreidda og den naturleg avgrensa kantsona er det lov å fjerne vegetasjon, stubbar og steinar, samt å utføre terrengtilpassingar. Ved større terrengtilpasningar skal kulturverneininga høyrast, jf. pkt. 6.
3. Kantar, skjeringar og fyllingar skal revegeterast med lokal vegetasjon.
4. Kantsone mot vatn og vassdrag skal bevarast
5. Opparbeiding av nye trasear er søknadspliktig tiltak etter PBL § 20-1

6. Vedlikehald og oppgradering av trasear innanfor avgrensingane i til grøne og blå løyper, pkt. 1-5, er ikke søknadspliktig tiltak etter PBL § 20-1. Med mindre fylling/skjering av terreng fra opphavleg terrengnivå er større enn 0,5 meter i 50 meters lengde.
7. Etablering av bru er søknadspliktig etter PBL § 20-1

#### RAUDE OG SVARTE SKILØYPER

Planen legg ikke opp til hensynssone på desse løypene då dei ligg langt frå utbygde område og langt til fjells. I sårbar natur bør det ikke vere mykje tilrettelegging på barmark, og tiltak på barmark er søknadspliktige tiltak. Det kan likevel vere behov for enkelte tiltak, som krattknusing/fjerning av vegetasjon og mindre steinar. Slike tiltak skal meldast kommunen før igangsetting. Terrenginngrep ut over dette er å sjå på som søknadspliktige tiltak. Nedre del av neverande Raud 1 vil etter forslag til plan få funksjon som fleirbruksstrase og tidlegløype og bør døypast om til grøn.

#### SNØSKUTERPREPARERTE SKILØYPER

Kommunen finn det ikke tenleg med hensynssoner for snøskuterpreparerte løyper, då dei er av mindre omfang og at grunnen til at dei ikke blir køyrd med løypemaskin er at dei kan køyrast utan større inngrep.

Følgande retningsliner skal gjelde:

1. Snøskuterpreparerte løyper kan opparbeidast med ei breidde på inntil 2 meter og ryddast for vegetasjon med ei breidde på 4 m.
2. Innanfor breidda er det lov å krattknuse og fjerne stubbar/steinar
3. Utjamning av groper innanfor bruksbreidda ved bruk av stadlege masser er tillate. Andre former for terrenginngrep er ikke lov
4. Kantsone mot vatn og vassdrag bevarast
5. Klopper kan etablerast
6. Nye løyper er søknadspliktige tiltak PBL § 20-1 og må høyраст til kulturverneininga

#### FLEIRFUNKSJONSTRASEAR

(RIDEesti/TURSYKKEL/HUNDELØYPE SOMMER)

1. Gjeld namngitte trasear for kombinasjonsbruk gangveg/ridesti/tursykkel/hundeløype sommarstid og tidlegløyper for ski i endeleg plan.
2. Fleirfunksjonsløyper kan etablerast med ei bruksbreidde på inntil 3 meter, med tillegg av grasgrodde skuldre på inntil 3 meter og hensynssone på totalt 15 meter.
3. Innanfor bruksbreidda og den naturleg avgrensa kantsone er det lov å krattknuse, fjerne stubbar/steinar, utføre terrengtilpasningar, og tilføre masse for drenering av traseen og til toppdekke.
4. Synlege skjeringar/fyllingar skal revegeterast eller tilsåast
5. Kantsone mot vatn og vassdrag skal takast vare på
6. Ved nyetablering i tråd med kommunen sin sti- og løypeplan skal den planlagde traseen leggast fram for kommunen seinast 4 veker før tiltaket er planlagt sett i gang. Kommunen vil då gjera ei n vurdering i høve kulturminne og naturmangfold.
7. Nye trasear er søknadspliktige etter PBL 20-1 og må høyраст til kulturverneininga.

#### UNIVERSELL UTFORMING

1. Gjelder namngitte stiar/trasear/turvegar utforma etter krava for universell tilrettelegging i endeleg plan
2. Turvegar med universell tilrettelegging kan etablerast med ein bruksbreidde på inntil 2 meter med ei hensynssone på totalt 10 meter
3. Innanfor bruksbreidda og den naturleg avgrensa kantsona er det lov å krattknuse, fjerne stubbar/steinar, utføre terrengtilpassningar og tilføre masse for drenering av traseen og mørk grus til toppdekke
4. Synlege skjeringar/fyllingar skal revegeterast eller tilsåast
5. Kantsone mot vatn og vassdrag bevarast
6. Nyetablering er søknadspliktig etter PBL § 20-1 og må høyраст til kulturverneininga

**MOTORFERDSEL SOMMAR OG VINTER**  
Motorferdsel knytt til oppkøyring av løyper om vinteren er heimla i eigen kommunal forskrift knytt opp til trasear i godkjent sti- og løypeplan.

Kommunen har ein årleg budsjettpost som er knytt til drift- og utbetring av sti- og løpenettet. For å gjera dette arbeidet føreseileg og lette kommunen sitt budsjettarbeid har vi bedt løypelaga lage ein plan over 4 år over konkrete tiltak dei ynskjer gjennomført, med grunngjeving, geografisk plassering og kostnadsoverslag.

Det har av og til vore ei utfordring å sakshandsame motorferdselssaker i tide. Det gjeld spesielt når entreprenør av ulike grunnar kan stille på kort varsel. Nasjonal forskrift om motorferdsel er no endra slik at det er mogeleg å handsame slike saker administrativt. Dette gir ein meir fleksibel ordning. Vi ynskjer å greie ut om det er tenleg og mogleg å knyte motorferdselssaker knytt til kommunen sin godkjenning og eige vedtak av løypelaga sine handlingsplanar, opp mot kommunen sin motorferdselsforskrift og gjera ei forskriftsendring som heimlar motorferdsel utan søknad, lik motorferdsel ved løypekøyring. Sjå punkt i handlingsplanen.

## ORGANISERING OG SAMARBEID

### LØYPELAGORGANISERING, OPPGÅVER OG FINANSIERING

Oppkøyring av skiløyper er ein omfattande og tidkrevjande jobb. Denne jobben er i dag organisert i tre løypelag, Mellane løypelag, Yddin og Javnlie løypelag og Beitostølen løypeforening.

Arbeidet er basert på dugnadsinnsats, løypebidrag frå brukarane og kommunale tilskot. Løypelaga har og teke ansvar for utbetring og vedlikehaldsarbeid på skiløypetraseane sommarstid og utbetrande tiltak knytt til enkelte stiar, turveg- og

sykkeltrasear. I tillegg har enkelte grendelag og idrettslag ansvar for å preparere grendenære løyper, ofte oppkøyrd med snøskuter. Kommunen har dermed eit svært godt utbygd skiløpenett med løyper fordelt over heile kommunen frå lysløyper og grendenære løyper, til skogsløyper og høgfjellsøyper. I tillegg er det er stort nettverk av DNT sine stikka løyper i høgfjellet.

Løypelaga har gitt uttrykk for at det kan vera tenleg å vurdere om dagens organisering er optimal i høve til økonomi og samla evne til å levere på mål. Yddin og Javnlie løypelag og Mellane løypelag vil no samarbeide tett, både med omsyn på løypekøyring og oppstalling av løypemaskinar, og kanskje enda tettare på sikt. Kommunen støtter dette initiativet. Dette kan gje reduserte kostnadar, styrka frivillig innsats og moglegitene for auke av frivillige bidrag frå brukarane.

Kommunen har som eit ledd i å auke økonomisk støtte til løypekøyring innført krav i nye utbyggingsavtaler om tinglyst plikt for alle nye fritidsbustadar/-leilegheiter til årleg betale indeksregulert løypebidrag. Kommunen skal legge til rette for at løypelaga lettare kan krevje inn løypebidrag i samsvar med inngåtte avtaler på definerte fritidseigedomar.

### UTBETALING AV KOMMUNAL STØTTE TIL LØYPEKØYRING

I førre plan vart skiløypene i kommunen delt inn i ulike hovudkategoriar, der målet var å opparbeide eit system for prioritering av kommunens utbetaling av løpetilskot. Det var løypas funksjon som var avgjerande for tilskotssats. Potensiale for eigenfinansiering, lengda på «gjennomgåande hovudløyper», «grendeløyper» og «samanbindingsløyper» har vore grunnlaget for fordeling av støtta mellom løypelaga. Ved innføring av eigedomsskatt i kommunen vart det innført eit driftstilskot basert på det samla talet løypemeter som kvart løypelag kører, finansiert av midlar frå eigedomsskatten. Vi har gjort ei vurdering av systemet og finn at

dette systemet tek omsyn både til heilskap og folkehelse som grunnlag for finansieringa. Frå 2022 har kommunen inngått ei avtale om at kommunen sitt bidrag til løypekøyring i Beitostølen Løypeforening sitt ansvarsområde skal utbetalast som ein samlesum til Beitostølen Fellesgoder AS som fordeler midlane vidare til ulike fellestiltak på Beitostølen. Kommunen legg opp til at tilskotet til løypekøyring til dei andre løypelaga blir som i dag. Kommunen legg vidare til grunn at dei nye utbyggingsavtalane vil gje sikre inntekter som møter framtidig prisstigning.

**GRUNNEIGARAVTALER OG LØYPELEIGE**  
I samarbeid med faglaga i landbruket er det utvikla ei avtale for leige av grunn til etablering/oppkjøring av skiløyper, samt etablerte sykkeltrasear og andre barmarkstrasear. Kommunen har avtale med berørte grunneigarar.

Bakgrunnen for avtala mellom grunneigar og kommune er i utgangspunktet eit løye til motorisert ferdsel for preparering av løyper på grunnen, og i tillegg ein rett til å utføre mindre tilretteleggingstiltak i traseen (flytte stein og stubbar mm.). Som ein kompensasjon for dette har kommunen utbetalat ein sum indeksregulert til grunneigarane. Gjeldande avtale er særslig detaljert, og det har vore noko krevjande å vedlikehalde grunnlaget for utbetalingane.

Kommunen betalte for sesongen 2020/21 omlag 305 000 kr som løypeleige til vinterbruk. Vi har så langt ikkje hatt utbetalingar til stiar eller sommartrasear. Kommunen har hatt møte med leiarane i faglaga for å gå gjennom avtaleteksten, for å sjå på moglegheitene for forenkling og andre moglegheiter for utbetaling av desse midlane. Attendum meldinga var at ordninga var tilfredstillande ut frå deira syn, og at dette er eit komplisert og tidkrevjande arbeid som det er naturleg å sjå på som eit punkt i handlingsplanen. Administrasjonen vil, når sti-

og løypeplanen er godkjent vurdere foreinklingar i systemet og ta ein grundig gjennomgang av kartverk, revidere talet på løypemeter på kvar eigedom, opprette nye avtaler der det er etablert ny løype, og fjerne løyper som ikkje lenger blir preparert.

**BEITEINTERESSER OG AREALBRUKSKONFLIKTAR**  
I tiltaksdelen av beitebruksplanen er det lagt opp til å identifisere konfliktfylte område mellom beiteinteresser og anna bruk. Så langt i arbeidet er det spesielt i området Øystre - og Heimre Hedalstølen at det er registrert dei største utfordringane. Hedalstølane er viktige beiteområde med mykje beitedyr og folk på tur. I beitebruksplanen er det foreslått å etablere hensynssoner for stølsdrift kring enkelte stølsområde. Sti- og løypeplanen legg til grunn at det i samband med arealdelen blir innført ei slik sone kring stølane i området kring Hedalsstølane.

I beitebruksplanens sin handlingsdel skal vi sjå på regelverk og vurdere i kva grad vi kan nytte midlar frå framtidige utbyggingsavtaler til å finansiere eit arbeid for å betre tilgjenge og kvalitet på beiter og utmarksbeiter i område der det er betydelege arealbrukskonfliktar mellom ferdsel og beitebruk. Dei gode beiteområda frå Hedalsstølane opp mot Olestølen vil vera spesielt aktuelle med omsyn på slike tiltak. Dette er ein måte å auke ressursgrunnlaget på, samstundes som det gjer det lettare for stølsbrukarane å styre beiteåtførda mot dei områda der konfliktpotensialet med omsyn på ferdsel er minst. Sti- og løypeplanen legg til grunn at det i handlingsdelen i beitebruksplanen blir arbeidd for å få realisert eit større prosjekt i dette området i planperioda.

Det er vidare eit mål at sti- og løypeplanen også skal vera eit viktig verktøy der ein tek sikte på å bruke informasjon, skilting og tilrettelegging for å styre ferdsel slik at konfliktane blir mindre. Slik kan etablering av konkrete og tilrettelagde trasear for ymse bruk vera gode tiltak for å avgrense

konfliktane. I tillegg vil arbeidet med å utarbeide informasjons- og skiltplan bli ein viktig del av sti- og løypeplanens handlingsplan, der støls- og beiteinteressene må vera sterkt representerte som rådgjevarar.

## SKILTING, GRADERING OG MERKING

Skilting, informasjon og anna tilrettelegging er viktig for at alle lett skal finne fram, ha ei positiv turoppleveling, og bruke dei rutene som er best tilpassa ferdigheter og forventningar. Ut frå ei tryggleiksvurdering bør merking og info ha brukarane med middels og därlegast ferdigheter som målgrupper og ikkje «superbrukarane».

Heile skiløpenettet i kommunen er klassifisert i samsvar med Merkehandboka sin standard. Dette systemet og fargekodinga er etter europeisk standard med grøne, blå, rauda og svarte løyper. Det er viktig at det vert nytta felles standardar for skilting og merking, då dette gjer det heile meir brukarvenleg. Det er i dette bildet viktig å unngå «overmerking», med mange ulike skilt med mykje informasjon. Vi bør heller ikkje ta høgde for å ta med alle moglege farlege moment. Normal bruk av sunn fornuft bør framleis være eit mål.

Det er og eit moment at skilt skal vedlikehaldast, det er store investeringskostnadar og at skiltinga/merkinga har ei stor driftsmessig utgiftsside. Det er eit mål å merke eksisterande stiar og gje nødvendig informasjon, ikkje merke opp mykje nytt. Spesielt på stigar der det er tenkt fleirbrukskilt er god og rett skilting viktig for å unngå konfliktar..

## DIGITAL INFORMASJON OG KART

Det er mange gode digitale informasjonssystem som er utarbeidd, og vi ønskjer å rette fokuset mot dei som allereie er brukarvenlege, til dømes eksempel appen «skisporet.no» for vinterbruk. Med denne appen får ein info om akkurat kvar du er, og

namn på løypa. For bruk på barmark kan «ut.no» nyttast.

Kommunen og reiselivet har heimesider, og bruk og oppdatering av desse vil bli en del av sti- og løypeplanen sin handlingsplan.

## MERKING

Det er brei tilslutning til at vi bør ha eitt felles nasjonalt system for tilrettelegging og merking av turruter mm. Merkehandboka er utvikla og utgitt av Den Norske Turistforening, Innovasjon Norge og Friluftsrådenes Landsforbund. Alle skiløyper i Øystre Slidre er gradert og merka etter Merkehandboka.

Standarden Merkehandboka er på linje med internasjonal merking av alpinløyper, frå grøn (enkel), blå (middels), raud (krevjande) og svart (ekspert). Merkinga tek også utgangspunkt i type løype, altså om det er skiløype, fottur, sykkelsti. Andre alternativ finst også og kan nyttast om nødvendig, eksempelvis ruter med universell utforming. Merkehandboka kan nyttast som grunnlag for graderinga av alle stigar og løyper.

Symbol med kvit bakgrunn vert nytta i ugraderte løyper:



Trasear for tursykling vil berre skiltast med ugradert symbol (kvit bakgrunn). Viss turruta går på ein kombinasjon av sti, tur-, traktor- og grusveg, vert det nytta ugradert terrengsykkelsymbol. Trasear som egner seg for stisykling, men som ikkje har nokon form for opparbeiding, vil ikkje bli merka.



For å redusere moglegheita for konfliktar mellom ulike brukargrupper må vi sørge for at

fleirfunksjonstrasear blir skilta godt. Det er ikkje laga nasjonal skiltmal med symbol for merking av stiar for riding og hundespann, og vi ser behov for å lage eigne skilt til denne bruken.



Alle skiløyper i kommunen er klassifisert og fargekoda i kartet. For turstiar må vi vurdere om stiar skal klassifiserast, eller om merkinga skal bestå av ugraderte symbol. Dette vil bli vurdert i prosjektet «Friluftslivets ferdsselsårer».

Lag og foreiningar som ønsker å rydde og merke opp ruter må tidleg orienterast om gradering og bruken av Merkehåndboka. Det er også viktig å unngå «overskilting» slik at skilting og merking ikkje blir for dominerande særleg i sårbart natur- og kulturlandskap. Prosjektet «Friluftslivets ferdsselsårer» vil utarbeide ein mal som vi vil halde seg til, slik at brukarane vil møte eit heilskapleg produkt dei kjenner igjen frå andre område. Ved bruk av eit nasjonalt system vil brukaren få forståing for kva som kan forvente av ein tur. Det vil gje brukarane tryggleik at stigar og løyper er kvalitetssikra.

I handlingsdelen av sti- og løypeplanen er det framlegg om at det blir utarbeidd ein skiltplan. Planen må gje ei oversikt over kva stiar/løyper som er merka, og korleis. Det vil bli utarbeidd ein skiltplan for turstiar i prosjektet «Friluftslivets ferdsselsårer». Den samla skiltplanen vil bygge på denne malen og omfatte alle dei ulike traseane vi vurderer som aktuelle å merke, og gjera greie for kostnadene både ved nyskilting og vedlikehald. Generelt er det ikkje ønskje om mykje ny skilting, og fokuset bør ligge på informasjonsskilt for å unngå konfliktar mellom ulike brukargrupper, og skilting som styrer ferdsel dit konfliktane er minst.

Skiltplanen bør også ta føre seg skilting på parkeringsplassar/utferrsstadar med ein oppfordring til å vise omsyn andre som nyttar området, rydde søppel etter seg mv.

## HANDLINGSPLAN

Løypekategori	Tiltak/oppgåve	Ansvar	Oppstart	Ferdigstilling	Samarbeidsp	Kostnad Tusen kroner
Skiløyper	Legge inn endringar og nyanlegg av skiløyper og fjerne løyper i noverande plan som ikkje blir køyrde.	Kommunen	Vår 2022	Haust 2022		0
Stinett	Legge inn endringar og nyanlegg av av stiar og nærstiar. Utarbeide kostnadsoverslag	Kommunen	01.08.2022	01.10.2023	Friluftslivets ferdsselsårer	Når vurdert
	Ferdigstilling Tyskerstien	Tyskerstiens venner	Sommar 2022	2024		3000` (av dette er 1000` finansiert)
	Gjennomføre prosjektet "Friluftslivets ferdsselsårer"	Valdres friluftsråd	i gang	31.12.2023	Kommunen	50 000 + 5 veker egeninnsats fra kommunen
Fleirfunksjonstrasear	Detaljprosjektere, kostnadsvurdere oppgradering av eksisterande vegtrasear og naudsynte nye strekningar, og bygge Stølslie-Garli	Kommunen	Sommar 2022	Haust 2023	Grunneigarar	5 000`(grovt estimat)
	Vurdere fleirfunksjonstrasé eller liknande frå Heranglie bustadfelt mot Robølshovda hyttegrend	Kommunen			Grunneigarar	Når vurdert
Universell utforming	Vurdere eksisterande område som er funksjonelle eller som kan bli funksjonelle ved små tilretteleggingstiltak. Utforme og gjennomføre tilrettelegging og iverksette infotiltak	Kommunen	15.05.2022	01.07.2022	Grunneigarar Friluftslivets ferdsselsårer	100
	Ferdigstille «Trillesti til Rjupetjernet»	Kommunen	Vår 2022	Haust 2022		700`

Løypekategori	Tiltak/oppgåve	Ansvar	Oppstart	Ferdigstilling	Samarbeidsp	Kostnad
Trekkundløyper	Legge inn endringar og nyanlegg av trasear	NPB	Vedtak av plan		Grunneigarar	Minimale fysiske inngrep 0
	Vurdere alternative trasear, og arbeide fram gode løysingar. Grunneigaravtaler.	NPB	Vedtak av plan		Grunneigarar	Minimale fysiske inngrep 0
Transportløyper snøskuter	Legge trasé inn på kart og avklare grunneigarløyer og verneområder	NPB	Vedtak av plan	01.12.2021	Grunneigarar, nasjonalpark	0
Motorferdsel	Vurdere mogleg endring av kommunal forskrift om motorferdsel og knytte dette til løypelagas godkjente vedlikehaldsplan	NPB	Våren 2022	Desember 2022		0
Revidere grunneigaravtaler løypeleige	Vurdere nøyare om det er behov for revisjon av avtale om løypeleige. Eventuelt utarbeide ny avtale	NPB	Vedtak av plan		Faglag i landbruket	0
Digital informasjon, kart og merking	Utarbeide skilt- og merkingsplan og gjennomføring av merking	NPB	Haust 2022	2024	Faglag, grunneigarar,BU, grendelag Friluftslivets ferdselsårer	200`